

List of Signatures

Page 1/1



Protokoll_Styremøte på Einestølen_061224.pdf

Name	Method	Signed at
Gillestad, Grim Erik	BANKID	2025-01-07 09:16 GMT+01
Johnsen, Anja Grov	BANKID	2025-01-03 11:25 GMT+01
Hjelle, Anne Mette	BANKID	2024-12-18 23:20 GMT+01
Nordstrand, Geir Helge	BANKID	2024-12-18 14:28 GMT+01
Janninge, Carl Joakim	BANKID	2024-12-18 14:14 GMT+01



This file is sealed with a digital signature. The seal is a guarantee for the authenticity of the document.

External reference: 1E30CE7FB2BB4D2093DA2BF699075208

Styremøte på Einestølen

fre. 06 desember 2024, 10:00 - 14:00

Einestølen



Deltakere

Styremedlemmer

Jenny Følling (Leiar representantskap), Grim Erik Gillestad (Styreformann), Anne Mette Hjelte (Styremedlem), Joakim Janninge (Styremedlem), Anja Grov Johnsen (Styremedlem), Geir Helge Nordstrand (Varamedlem)

Fraværende: Marius Langballe Dalin

Frå administrasjonen

Tore Dvergsdal (Dagleg leiar), Harald Nyland (Referent), Bjarte Vødvik (Tilsettersrepresentant, observatør i styret)

Sak 50/24 Innkalling og godkjenning av sakliste/ godkjenning av møtebok

Sak 51/24 Dagleg leiar sin halvtime

Sak 52/24 Oppgradering av miljøstasjonar

Sak 53/24 Moskog

Sak 54/24 Møteplan 2025

Sak 55/24 Styreevaluering

Sak 56/24 Medarbeidersamtale med dagleg leiar

Sak 57/24 Eventuelt

- Generalforsamling i Sumtrans

-Forvaltningsrevisjon Askvoll

Møteprotokoll

50/24

Beslutning

Innkalling og godkjenning av sakliste/ godkjenning av møtebok

Tore Dvergsdal

Merknader:

Ingen merknader.

Vedtak:

Sakliste er godkjend.

Referat frå styremøte 24. sept 2024.pdf

51/24

Orientering

Dagleg leiar sin halvtime

Tore Dvergsdal

51-24 Dagleg leiar sin halvtime.pdf



This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity
of the document.

Document ID:
1E30CE7FB2BB4D2093DA2BF699075208

Oppgradering av miljøstasjoner

I førre styremøte 24. september etterlyste styret oppfølging av ytre miljøstasjoner og tidlegare vedtak rundt dette. Administrasjonen har funne fram tidlegare vedtak og sett gjennom desse for å sjå om dei er i samsvar med dagens krav og mål for verksemda.

Konklusjonen er at administrasjonen ønskjer å gå vidare med følgjande når det gjeld ytre stasjonar:

1. Kjøpe ut areal rundt miljøstasjonen i Hyllestad
2. Kjøpe ut areal rundt stasjonen i Askvoll
3. Tilby hjelp for oppretting av ombruks butikk i både Askvoll og Fjaler.

Etter ei vernerunde hausten 2024 ser vi at vi må investere i nytt utstyr for å ivareta tilsette sine behov for å kunne skifte til sivile kle med å ha ei skitten og rein sone på alle stasjonar. Vernerunda viste også at vi må opp med sikring av område rundt container så vi unngår at publikum eller tilsette kan falle ned i container.

Etter siste vernerunde vart det også bestemt at ein vil ha tre tilsette på jobb ved stasjonen på Sande då den er meir uoversiktleg enn dei andre stasjonane og det historisk også er den stasjonen som har flest besøk når dei har ope.

Vedtak:

Styret i Sunnfjord Miljøverk IKS ber administrasjonen jobbe vidare med oppgradering av miljøstasjonar og kjøp av areal for miljøstasjonane.

Vedtaket er samrøystes vedtatt.

 52-24 Oppgradering av miljøstasjonar.pdf

Moskog

Administrasjonen har sidan førre styremøte jobba vidare med planane om å realisere ein ny miljøstasjon og eit nytt sorteringsanlegg på Moskog. Sidan førre styremøte har det vore kontakt og møter med ulike aktørar. Det viktigaste er at ein no har ein endeleg dato for når ein må ha bestemt seg for om ein skal kjøpe tomta på Moskog og det er 6. juni som er datoen då ein har neste møte i representantskapen.

Administrasjonen har no fått over ein endeleg rapport frå Norconsult (ligg vedlagt) på korleis eit slikt anlegg kan sjå ut og kva det vil koste. Administrasjonen legg fram ein plan for vidare framdrift og ønskjer å ende opp med eit styrevedtak til neste styremøte der ein vedtek planen om å bygge på Moskog for så å gjere endeleg vedtak i representantskapen i juni.

Ei viktig opplysning er at administrasjonen har hatt møter med Norsk Gjenvinning (NG) som har signalisert at dei ønskjer å vere med på eit felles anlegg på Moskog.

Administrasjonen har utarbeidd ei tidslinje som startar med dagens styremøte og som endar opp med vedtak 6. juni. I den tidslinja ligg mellom anna at planane skal ut på høyring i kommunane og at administrasjonen skal informere i alle kommunestyra i SUM området om planane i løpet av våren 2025.

Styret ynskjer ei utgreiing av fordelar og ulemper ved Moskog-prosjektet samanlikna med oppgradering av Einestølen.

Vedtak:

Styret i Sunnfjord Miljøverk IKS ber administrasjonen jobbe vidare med utvikling av nytt sorteringsanlegg og miljøstasjon på Moskog

Vedtaket er samrøystes vedtatt.

 53-24 Moskog.pdf

 Rapport nye anlegg SUM - for gjennomgang C01.pdf



This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity
of the document.

Document ID:
1E30CE7FB2BB4D2093DA2BF699075208

Møteplan 2025

I 2025 er forslaget frå administrasjonen at ein går over til å ha fire styremøter i året og heller kallar inn til ekstra møter om det skulle vere behov for det. Etter at vi har vedteke eit årshjul for styret har ein no god kontroll på når ulike saker skal kome på styret sitt bord gjennom året. Den raude tråden er at vi godkjenner og avsluttar førre år i februar og at ein rapporterer endeleg på fjoråret i mai. Styret må vedta endeleg rekneskap minst 14 dagar før representantskapsmøtet i juni.

I september godkjenner styret budsjett og investeringar for komande år og representantskapen vedtek endeleg budsjett i oktober. Møtet i desember er ei form for oppsummering og ein ser fram mot komande år.

Fastsetting av møteplan for 2025:

- 28. februar 2025 (styremøte)
- 23. mai 2025 (styremøte)
- 6. juni 2025 (representantskapsmøte)
- 3. oktober 2025 (styremøte)
- 17. oktober 2025 (representantskapsmøte)
- 5. desember 2025 (styremøte)

Vedtak:

Møteplanen er samrøystes vedtatt slik den ligg føre.

 54-24 Møteplan 2025.pdf

Styreevaluering

Styreevaluering blir gjennomført i mai 2025. Evalueringa skjer gjennom Admincontrol, og styremedlemmene svarer i forkant av møtet.

Medarbeidersamtale med dagleg leiar

Informasjon om prosessen. Dagleg leiar og referent var ikkje til stades under denne saka.

Eventuelt

Signere protokoll Sumtrans

SUM endrar logo og generalforsamlinga i SumTrans AS må difor ta stilling til korleis SUM sin nye logo skal gjenspeglast i SumTrans. Skal ein tilnærme seg SUM sin logo på ein best føremålstenleg måte bør namnet endrast til SUM Transport AS.

Styret i SumTrans AS har teke avgjersle om å endre logo og endre namn på selskapet til SUM Transport AS. Avgjersla vart teken på styremøte 31.oktober 2024.

Styret i SUM vert bedt om å godkjenne ny logo og namneendring.

Saka blir lagt opp som ekstraordinær generalforsamling i SumTrans AS med følgjande forslag til vedtak i sak på generalforsamlinga:

Generalforsamlinga i SumTrans AS (org.nr 921 260 334) vedtek ny logo og namneendring frå SumTrans AS til SUM Transport AS.



This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity
of the document.

Document ID:
1E30CE7FB2BB4D2093DA28F699075208

Vedtak:

SumTrans AS endrer namn til SUM Transport AS og nyttar logoen til SUM med påskrifta «Transport» under.

Vedtaket er samrøystes vedtatt.

 57-24 Vedtekter SUM Transport AS.docx

 57-24 Navnendring grunnlag.pdf

 57-24 Gamle vedtekter SUMTRANS AS.docx

57/24.2

Orientering

Forvaltningsrevisjon Askvoll

Kontrollutvalet i Askvoll ønskjer revisjon av Sunnfjord Miljøverk sitt arbeid.

Styret vurderer å be om utsetting på grunn av høg arbeidsbelastning.

 Tinging SUM.pdf

 ASK150 Oppstartsbrev forrev Sunnfjord Miljøverk.pdf

 Vedtak på prosjektplan SUM.pdf

 Revidert framlegg til prosjektplan SUM.pdf

57/24.3

Fullstendig presentasjon styremøte 6. des

Presentasjonen vil bli gjort tilgjengeleg for styremedlemmene.

 Styremøte 6. desember..pdf

57/24.4

Referat frå styremøtet 6.des 2024

Møtet slutt

Møtet vart heva av styreleiar Grim Erik Grillestad kl. 13:20.

 Referat frå styremøte - 06.12.2024.pdf



This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity
of the document.

Document ID:
1E30CE7FB2BB4D2093DA28F689075208



This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity
of the document.

Document ID:
1E30CE7FB2BB4D2093DA2BF699075208